

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
090/20	Formannskapet	PS	20.08.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/4365

### Meldingar

### Saker

Saksnummer	Tittel
090/20.1	Landbrukssak gbnr 133/8 Synnevåg - Svar på søknad om nydyrking
090/20.2	Landbrukssak gbnr 156/12 Austrheim - Bed om uttale angående søknad om bygging av landbruksveg
090/20.3	Landbrukssak gbnr 156/2, 17 og 82 Austrheim - Ber om uttale angående søknad om bygging av landbruksveg
090/20.4	Landbrukssak gbnr 156/6 og 10 Austrheim - Manglande opplysningar angående søknad om bygging av landbruksveg
090/20.5	Tilgang til internett på Nordliheimen - vedtak eldrerådet
090/20.6	Deltaking på samlingar med fylkeskommunalt eldreråd - vedtak eldrerådet

### Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

### Formannskapet - 090/20 - 20.08.2020

### FS - behandling:

Om vedtaket frå eldrerådet 4. august, oversendt til formannskapet, vedrørende nett-tilkopling på

Nordliheimen:

Ordfører Per Lerøy (Ap) ba om at rådmannen får førebudd ei sak på oppgradering av internett-tilbudet både til Nordliheimen og til dei som bur i området. Lerøy sa vidare at det er ei TV-løysing på Nordliheimen som ikkje er god nok. Det må bli slik at både brukarane og dei besøkande har tilgang, slik det normalt er elles.

Helge Dyrkolbotn (KrF) viste til at det eksisterande nett-tilbudet ikkje tilfredsstillar kravet til universell utforming. Ein må bruka passord og tilsendt kode, og vert kasta ut av nettet stadig vekk. Dyrkolbotn var samd med Lerøy i at det måtte komma opp ei sak på dette.

Monika Kvamme, kommunalsjef helse og omsorg, sa at ein har jobba med dette lenge utan å lukkast. Er nok ein større jobb som må gjerast for å få dette til.

Per Lerøy (Ap) svara til dette at det er nettopp difor ein må få opp ei sak, og så skal ein løyva dei pengane som skal til.

Helge Dyrkolbotn (KrF) viste til at dersom dette kjem i orden, så vil det gje mindre arbeid for dei tilsette som i dag må hjelpa til.

Rolf Henning Myrmel, einingsleiar teknisk drift, sa at ein har jobba med dette tidlegare, og erfaringa er at leverandørane ikkje vil jobba meir med dette. Kommunen må evt. kosta det sjølv.

Varaordfører Inger-Lise Brekke (H) viste til at når det offentlege legg opp til meir digital bruk, så må nett vera på plass.

Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp) spurte om kva om er problemet, og viste til at skulen har løyst dette med fleire aksesspunkt. Monika Kvamme svara at det er problem med dekning i bygget (betongvegger).

Per Lerøy (Ap) konkluderte at ein må sjå på ein heilskapleg plan, og så er politikarane klare over at det er ein kostnad knytt til dette.

Handsaming i formannskapet:  
Samrøystes for å ta meldingane til orientering.

## **FS vedtak:**

Meldingane vert tekne til orientering

## **Saksopplysninger:**